

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leikanger

Emne: Helsing Fakter Åtferd

Bygdelag: Fresvik

Oppskr. av: N.J.Vangsnæs

Gard: Byggjartun

(adresse): Fresvik


G.nr. 36 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. "nikk" og "hovudrist"
2. ja , det er vanleg , i alle høve eldre folk
3. ingen fast regel , men det er vanleg folkaskikk at unge folk helsar fyrst , og framande helsar fyrst , og karar helsar fyrst på kvende .
4. "godt mot" , "signe møtet" , "god dag" , "god kveld" og liknande ordtak er vanleg skikk og bruk idag som før
5. ein helsa lika ofta til hatten eller huva , som ein tek hovudplagget av
Helsing til hatten er kanhenda ei etteraping etter militær ~~XXXX~~ helsing , for det er ein sjølvsakt ting frå gamalt av , at alle friske gutar skal vera "kongens kar" .
Ein tok ikkje alltid av hatt eller huva for embetsmenn heller, men det har vore her som ellers, at ein "kryp" for storkarar, og derav kom nokk ei meir vyrdeleg helsing til slike .
6. -----
7. -----
8. ein handhelsar på alle når ein kjem på vitjing
9. ja
10. mennene tok av eller til hatten for kyrkjeklokke-ljomen . mennene tok huva av når dei sådde korn om våren .
11. steig ut av vegen og venta med bert hove til likfylgjet var fare forbi .
12. ja
13. det er ikkje noko vist klokkeslett for nemde helsingar
14. nei
15. nei
16. ja, stundom seier ein "morning" heile jamndøgret
17. dei nemde helsingar brukast dagleg her i bygdi , og fleire til, "signe arbeidet" , "signe etao" , "signe kvilao" o.s.v.
18. -signe-ordi er vanleg dagleg tale
19. ja stundom -"god dag i stovao" eller "huset"
20. bad han til sides
21. ja
22. kom inn , vanleg helsing
23. ja , det er god folkaskikk
24. taka av seg hovudplagget når ein kom inn (går inn).
25. "du faor gao(koma)innars
26. ikkje når det var framande
27. vanleg helsing
28. nei
29. velkomne til gards,tuns,husar,hit,hertil,eller gardsnamnet
30. takk for no,idag,her,o.s.v. - takk sjøl o.s.v.
31. langt fast handtrykk og såg ein djupt i ansigtet
32. nei



Framhald nr. 36 - Helsing , Fakter , Åtferd

- 33. stundom foreldre og små born , som folk kunne sjå ektefolk og kjerastfolk , når ingen såg det
- 34. -----
- 35. nei
- 36. nei
- 37. ~~gjæXXXXXXkyssX~~ nei
- 38. gje ein kyss
- 39. nei
- 40. nei
- 41. låna båten
- 42. "mjuke kjake" , "goe kjake"
- 43. millom born og foreldre , slektningar i berrsyne , og millom kjerastfolk i løynd
- 44. "årmålsdag , nyfødde , reis , gardkjøp , o.sv.
- 45. til lukka , lukka til , lukka med
- 46. medkjendsla & i samband med andre ord
- 47. med ord og handtak
- 48. -----
- 49. geipa med munnen , snu ryggen til , klappa seg bak Stor og grov svivyrding -"klappa seg på berra røvi"
- 50. no seier ein oftast "du" til alle , før sa ein "de" til eldre folk , "I" og "Jer" brukast ikkje her i bygdi
- 51. nei

